

Tømming av private avløpsanlegg

ØYGARDEN KOMMUNE

**ØyVAR AS**

Lonavegen 20, 5353 Straume

Telefon: 56 31 59 30

Vakttelefon: 917 29 717

postboks@oyvar.no

www.oyvar.no

SIDE 1

Denne forskriften er vedteken av kommunestyret i Øygarden kommune den 19.desember 2019 med heimel i lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova), §§ 26, 30 og 34, sist endra 21. juni 2019.

§ 1 GENERELLE BESTEMMINGAR

Kommunens abonnenter betaler for slamtenester som kommunen leverer. Forholdet mellom abonnementen og kommunen er regulert av statlege lover og forskrifter, og dessutan av kommunale reglement og bestemmingar. Det kommunale selskapet Øygarden kommune AS administrerer slamtenestene. Dette er dei viktigaste dokumenta:

- lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- forskrift om gjødselsvarer mv. av organisk opphav
- gebyrregulativ for det aktuelle året
- retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester (H-3/14)

§ 2 FØREMÅL

Forskrifta skal sikre ei miljømessig forsvarleg innsamling og behandling av slam frå private avløpsanlegg i Øygarden kommune, innanfor dei til kvar tid gjeldande lover og forskrifter. Forskrifta gjeld også rammer for fastsetjing av tømmegebyr.

§ 2.2 Definisjonar

- a) *Abonnent*: Tinglyst eigar av eigedom som er omfatta av tømmeordninga. Dersom eigedommen er festa bort for 30 år sidan eller meir, skal festaren svare for gebyret om ikkje anna er avtalt. Det same gjeld når festaren har rett til å få festet forlenga, slik at den samla festetida blir meir enn 30 år. Eigedom er definert med eige matrikkelnummer.
- b) *Abonnement*: Avtale mellom abonnent og kommunen i samband med tømming, transport og behandling av slam frå slamanlegg. Det er ikkje ein føresetnad at avtalen er skriftleg.
- c) *Sanitært avløpsvatn*: Avløpsvatn frå menneskeleg aktivitet, til dømes frå bad, kjøkken, vaskemaskin, toalett mv.
- d) *Gråvatn*: Sanitært avløpsvatn frå vask, dusj og vaskemaskin (kjøkken, bad og vaskerom), men ikkje frå toalett.
- e) *Svartvatn*: Sanitært avløpsvatn frå toalett.
- f) *Slamanlegg*: Oppsamlings- og avslammingstankar for sanitært avløpsvatn og overvatn, til dømes slamavskiljar, tett tank, minireinseanlegg, slamtørkeanlegg mv. eller ein kombinasjon av desse.
- g) *Eigedom*: Fast eigedom registrert som sjølvstendig eining i matrikkelen. Seksjon som er etablert i samsvar med lovgivinga om eigarseksjonar, skal reknast som sjølvstendig eigedom.



Tømming av private avløpsanlegg

ØYGARDEN KOMMUNE



ØyVAR AS

Lonavegen 20, 5353 Straume

Telefon: 56 31 59 30

Vakttelefon: 917 29 717

postboks@oyvar.no

www.oyvar.no

SIDE 2

- h) *Bustad:* Bygg som blir brukt til bustadføremål, medrekna fritidsbustad.
- i) *Bueining:* Sjølvstendig bueining som er tilrettelagd for varig opphold med tilgang til kjøkken eller anna innretning for matstell. Bueininga er omfatta av forskrifter dersom ho er permanent oppsett som bustad eller har fungert som bueining i tre månader eller meir. Ein bustad kan innehalde fleire bueiningar.
- j) *Fritidsbustad/-bygg:* Eigedom som i matrikkelen er registrert som fritidsbustad, hytte som blir nytta i samband med ferie og fritid. I tvilstilfelle avgjer kommunen kva som skal reknast som fritidsbustad.
- k) *Gebyrregulativ:* Kommunens gjeldande prisoversikt for gebyr. Satsane i gebyrregulativet blir oppdaterte årleg gjennom vedtak i kommunestyret.
- l) *Slamavskiljar:* Ein eller fleire kummar for avskiljing av slam frå avløpsvatn. Eit anna namn på slamavskiljar er septiktank.
- m) *Slam:* Innhaldet frå avløpsanlegg for avslamming av sanitært avløpsvatn og overvatn eller frå oppsamlingstankar for ubehandla sanitært avløpsvatn.
- n) *Renovatør:* Aktør som på vegner av kommunen utfører innsamling og transport av slam.
- o) *Slamkøyretøy:* Køyretøy for oppsamling av slam, til dømes mobil slamavvatnar, traktor, sugebil o.l.
- p) *Slamgebyr:* Omfattar betaling for tømming, transport og behandling av slam.
- q) *Ekstratømming:* Tilleggstømming utanom fastsett tømmeplan.
- r) *Naudtømming:* Tilleggstømming som må utførast innan 24 timer.
- s) *Tilpassa tømming:* Lovpålagd tømming av tette tankar kan utførast på bestilling frå abonnenten, i staden for ordinær tømming.
- t) *Tømmeplan:* Ruteplan som er fastsett av renovatør / Øygarden kommune for å gjennomføre effektiv og rasjonell tømming av slam i eit større område, og som er tilpassa tømmefrekvensen i dei tildelte utsleppsløyva.

Tømming av private avløpsanlegg

ØYGARDEN KOMMUNE

**ØyVAR AS**

Lonavegen 20, 5353 Straume

Telefon: 56 31 59 30

Vakttelefon: 917 29 717

postboks@oyvar.no

www.oyvar.no

SIDE 3

§ 3 VERKEOMRÅDE

Forskrifta gjeld for heile Øygarden kommune, med nokre unntak, og fastset reglar for tømming av private avløpsanlegg for sanitært avløpsvatn.

Alle private avløpsanlegg skal vere med i ordninga. Dette blir rekna som private avløpsanlegg:

- slamavskiljarar og andre slamtankar for avslamming av sanitært avløpsvatn som ikkje er knytte til offentleg avløpsnett
- slamavskiljarar og andre slamtankar som er knytte til offentleg avløpsnett utan offentleg reinseanlegg
- slamavskiljarar og andre slamtankar som av andre årsaker blir rekna som nødvendige
- tette oppsamlingsstankar med ubehandla avløpsvatn

Forskrifta gjeld ikkje for eigedommar og anlegg som står på lista nedanfor. Desse skal ha eigen privat avtale om tømming:

1. veglause grender, øyer og eigedommar som ikkje har samband med offentleg vegnett eller ikkje kan tömmast frå ferje
2. eigedommar der
 - a. anlegget ligg lenger enn 100 m frå køyrbar bilveg
 - b. anlegget ligg lågare enn 8 m frå køyrbar bilveg
 3. minireinseanlegg
 4. feitt- og oljeutskiljarar
 5. oppsamlingsstankar for industriavløpsvatn eller liknande ikkje-sanitært avløpsvatn

§ 4 UTKOPLING AV AVLØPSANLEGG

Øygarden kommune vil i medhald av forureiningslova § 26 femte ledd krevje at ikkje-nødvendige private avløpsanlegg blir kopla ut.

§ 5 ORDINÆR TØMMING AV AVLØPSANLEGG

- For eigedommar med fast busetnad skal avløpsanlegg tömmast kvart 2. år.
- For eigedommar med fritidsbustader skal avløpsanlegg tömmast kvart 4. år.
- Tette oppsamlingsstankar skal tömmast kvart 2. år.

Det same gjeld for ev. andre avløpsanlegg som ikkje er omfatta av punkta over. I særlege høve kan Øygarden kommune fastsetje andre tidsintervall mellom kvar tömming.

Tømming av private avløpsanlegg

ØYGARDEN KOMMUNE



ØyVAR AS

Lonavegen 20, 5353 Straume

Telefon: 56 31 59 30

Vakttelefon: 917 29 717

postboks@oyvar.no

www.oyvar.no

SIDE 4

§ 6 EKSTRA TØMMING AV AVLØPSANLEGG

Dersom det blir behov for ekstra tömming ut over dei ordinære tömmefrekvensane, kan Øygarden kommune kontakte operatør som sørger for tömming på kort varsel. Abonnenten må sjølv dekkje kostnadene med slik ekstratømming, som vil bli fakturert direkte frå operatør til abonnent.

§ 7 ØYGARDEN KOMMUNES PLIKTER

Øygarden kommune, eller den som Øygarden kommune gir løyve, skal utføre tömming av private avløpsanlegg i medhald av denne forskrifta. Tømming blir utført etter reglane i § 5.

Skriftleg varsel om tömming blir gitt til huseigar minst ei veke før tömming. Varsel blir gitt elektronisk, eller per post dersom ein ikkje finn abonnenten i digitalt kontaktregister.

Tømminga skal utførast slik at oppsitjarane ikkje blir unødig plaga av støy eller lukt. Anlegget skal etterlatast i lukka stand. Grinder, portar og dører skal lukkast og eventuelt låsast.

Øygarden kommune, eller den Øygarden kommune gir løyve til, pliktar å ta imot alt kloakk-slam i kommunen.

§ 8 ABONNENTENS PLIKTER

Abonnenten skal syte for at anlegget som skal tömmast, er lett tilgjengeleg for tömming med bil. Overdekking av kumlokk med snø, is, jord, installasjonar eller liknande skal fjernast av abonnenten før tömming skjer.

Tømmeoperatøren har rett til å plassere nødvendig utstyr på eigedommane for å få utført tömminga.

Abonnenten skal syte for at berre avføring og dopapir hamnar i do. Abonnenten kan bli pålagt ekstragebyr dersom tömminga pga. avfall (eingongsklutar, bleier, Q-tips, tantråd, plast osv.) medfører ekstraarbeid for Øygarden kommune og/eller tømmeoperatør.

Avfallskvern er ikkje tillate.

Abonnenten pliktar å halde tilsyn med eige slamanlegg og omgåande utbetre skadar på anlegget etter kommunens retningslinjer. Vidare må abonnenten varsle Øygarden kommune om alle endringar i tekniske installasjonar, anleggsutføring eller bruk.

Anlegg som etter oppsett tömmeplan ikkje kan betenast med slamkøyretøy, kan betenast med tilpassa utstyr. Øygarden kommune bestemmer kva for eigedommar som må betenast med slikt utstyr.

Øygarden kommune eller renovatør har ikkje ansvar for skade på og vedlikehald av privat veg og plass, med mindre det kan påvisast akløyse.



Tømming av private avløpsanlegg

ØYGARDEN KOMMUNE

**ØyVAR AS**

Lonavegen 20, 5353 Straume

Telefon: 56 31 59 30

Vakttelefon: 917 29 717

postboks@oyvar.no

www.oyvar.no

SIDE 5

På tømmedag skal nødvendige grinder og portar vere ulåste, og renovatørane skal sikrast mot forulemping frå husdyr og liknande. Dersom abonnenten etter førehandsvarsle ikkje har klargjort slamanlegget inkl. tilkomstveg for tømming, eller ikkje har frakta fram slammet mv., blir ikkje ordinær tømming gjennomført. Abonnenten må dekkje ekstrakostnader som Øygarden kommune blir påført.

§ 9 FASTSETJING OG BETALING AV GEBYR

Abonnenten skal betale gebyr for tømming etter særskilt regulativ.

Det er abonnenten som er ansvarleg for at gebyret blir betalt til rett tid. Dersom fleire bygg/bueiningar er knytte til ein felles slamtank, skal det betalast gebyr for kvar(t) av bygga/bueiningane.

Sjølv om abonnenten nektar tømming, eller tømming av annan grunn ikkje kan gjennomførast, må abonnenten likevel betale gebyr.

§ 10 UTREKNING AV GEBYR

I samsvar med forureiningslova § 34 skal kommunen fastsetje gebyr som dekkjer alle kostnader som Øygarden kommune har med å tømme anlegga og ta hand om slammet.

Øygarden kommune kjem med framlegg om gebyrstørleik til kommunen ein gong kvart år. Kommunestyret vedtek gebyrregulativ og fastset gebyr.

For nye kundar blir gebyret rekna frå og med den 1. i månaden etter at Øygarden kommune har fått melding frå røyrleggjar om at avløpsanlegget er etablert. Tilsvarande blir gebyret rekna fram til siste dag i den månaden anlegget eventuelt blir kopla frå.

For abonnentar med privat slamavskiljar som er tilknytt offentleg avløpsnett utan offentleg reinseanlegg, blir kostnader ved tømming dekte inn gjennom avløpsgebyra etter satsar for offentleg avløp.

§ 11 INNKREVJING AV GEBYR OG RENTER

Øygarden kommune fakturerer kvar einskild abonnent.

Gebyr for tømming av avløpsanlegg med tillegg av renter og kostnader er sikra med heimel i forureiningslova § 34 femte ledd, jf. pantelova § 6-1. Renteplikt ved for sein betaling og inndriving av gebyr er heimla i lov av 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane (eigedomsskattelova) §§ 26 og 27.

Abonnenten er ansvarleg ved for sein betaling eller anna misleghald, men først etter at han har fått nødvendig varsling.



Tømming av private avløpsanlegg

ØYGARDEN KOMMUNE



ØyVAR AS

Lonavegen 20, 5353 Straume

Telefon: 56 31 59 30

Vakttelefon: 917 29 717

postboks@oyvar.no

www.oyvar.no

SIDE 6

§ 12 KLAGE OG OMGJERING

Gebyr blir fastsett årleg av kommunestyret i eige gebyrregulativ. Dette er ei forskrift som ikkje kan påklagast, jf. kap. VII i forvaltningslova.

Kommunen kan etter søknad eller på eige initiativ heilt eller delvis gi avkall på påkomne gebyr dersom særlege grunnar tilseier det. Det vil seie tilfelle der det vil vere sterkt urimeleg å gjere eit gebyrkrav gjeldande på bakgrunn av dei konkrete omstenda i ei sak.

Enkeltvedtak som Øygarden kommune har gjort i medhald av denne forskrifta, kan påklagast til ei særskild klagenemnd, jf. forvaltningslova § 28 andre ledd.

§ 13 SANKSJONAR

Dersom det viser seg at ein abonnent ikkje har meldt frå om gebyrpliktige einingar eller endring i gebyrplikt som medfører tillegg i gebyret, kan Øygarden kommune påleggje gebyr frå datoен då eininga(ne) blei gebyrpliktig(e).

Dersom dette tidspunktet ikkje kan dokumenterast, blir abonnenten pålagt gebyr med tilbakeverkande kraft etter reglane i lov om foreldelse av fordringer (foreldingslova).

Ved brot på bestemmingar i denne forskrifta kan kommunen syte for gjennomføring av naudsynte tiltak, jf. forureiningslovas bestemmingar: Kommunen kan føre tilsyn etter § 48, krevje opplysningar frå eigar av slamavskiljar etter § 49, krevje gransking etter § 50 og gi pålegg om undersøking etter § 51. Dersom resultatet av slike opplysningar eller undersøkingar gir grunnlag for pålegg, kan kommunen gi pålegg etter § 7 fjerde ledd. Dersom slike pålegg ikkje blir følgde opp på ein tilfredsstillande måte innanfor dei angitte fristane, kan kommunen fastsetje tvangsmulkt etter forureiningslova § 73 og ev. gjere vedtak om umiddelbar gjennomføring etter § 74. Kommunen kan etter § 74 krevje at den ansvarlege for forureininga skal dekkje kommunens utgifter ved forureining eller skade.

§ 14 FRITAK

Kommunen kan etter skriftleg søknad eller på eige initiativ sjå vekk frå bestemmingane i denne forskrifta. Søknad om mellombels fritak skal innehalde korrekte opplysningar om eigar, adresse og gardsnummer/bruksnummer. Abonnentar som kan dokumentere at det ikkje bur nokon i ein bustad i meir enn 6 månader om gongen, vil etter søknad kunne få fritak for den aktuelle perioden. Søknad må sendast til Øygarden kommune på førehand. Fråflyttinga blir gjeldande frå terminen etter godkjenninga. Abonnenten pliktar å melde frå så snart bueininga/eigdommen blir teken i bruk på nytt. Dersom abonnenten ikkje melder frå, kan Øygarden kommune krevje gebyr for den perioden som bueininga/eigdommen ikkje deltok i ordninga. Ved godkjent fråflytting bestemmer kommunen storleiken og varigheita på fritaket.

Fritidseigedommar kan ikkje vere mellombels fråflytte.



Tømming av private avløpsanlegg

ØYGARDEN KOMMUNE

**ØyVAR AS**

Lonavegen 20, 5353 Straume

Telefon: 56 31 59 30

Vakttelefon: 917 29 717

postboks@oyvar.no

www.oyvar.no

SIDE 7

Ved ukjent/uavklart eigar/eigarforhold, dødsfall utan kjende arvingar o.l. kan delegert myndighet frå kommunen – som eit eingongstiltak – utsetje innkrevjing av heile eller delar av gebyret i inntil 2. kvartal.

Kommunen gir ikkje fritak frå eller reduksjon av gebyr basert på sosiale kriterium. Dersom ein abonnent har fleire eigedommar (bustad og fritidsbustad) i kommunen, gir ikkje dette grunnlag for reduksjon av gebyr. Lite bruk av eigedommen gir ikkje grunnlag for fritak frå eller reduksjon av gebyr.

Abonnementen pliktar å informere Øygarden kommune dersom grunnlaget for tildelt fritak blir endra. Kommunen kan setje vilkår for fritaket. Vilkåret må i så fall vere innanfor føremålet med denne forskrifta.

§ 15 FORHOLDET TIL HELSEFORSKRIFTER

Dei lokale helsemyndighetene har ansvar for å sjå til at handtering av slam skjer i samsvar med kommunehelsetenestelova, og kan på sjølvstendig grunnlag fastsetje vilkår som sikrar hygienisk oppbevaring og disponering av slam.

All handtering av slam etter denne forskriften skal skje i samsvar med sentrale og lokale helsemyndigheiters retningslinjer og vilkår.

§ 16 IKRAFTSETJING

Forskrifta trer i kraft frå kunngjering i Norsk Lovtidend.

Frå same tid blir gjeldande forskrift om tømming av private slamavskiljarar/avløpsanlegg i Fjell kommune, Sund kommune og tidlegare Øygarden kommune oppheva.

§ 17 DELEGERING

Kommunestyret kan delegera oppgåver og ansvar etter denne forskriften i den grad det er høve til det.